

Dáp

Dåp – ein god start på livet

Når eit barn blir bore til dåp, blir vi minna om at ingen kan bere seg sjølv. Gjennom dåpen blir vi medlem av kyrkja og får del i eit større fellesskap som strekkjer seg over heile verda – og gjennom alle tider.

Det er ein merkedag der barnet har viktige støttespelarar rundt seg og ei heilag handling der vi høyrer Gud gi lovnaden sin om å vere med barnet gjennom heile livet.




DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Fræna

Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet.

Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede

Svein Ellingsen



Gratulerer med barnet!

Vi gler oss med dykk og inviterer til dåp i Den norske kyrkja. Dåpen har ein lang tradisjon i landet vårt, og dåpsdagen er for mange ei viktig feiring av barnet.

Dåp handlar om tradisjon, å høyre til og tru.

Tradisjon – dåpen er ein berande tradisjon, og det har dåpen vore i landet vårt i nærmare 1000 år. Mange opplever dåpsdagen som ei god og meningsfull feiring og ein viktig dag for dei som står barnet nær.

Å høyre til – dåpen knyter oss til Gud, til Jesus Kristus og til fellesskapet.

Tru – Barnet blir døypt til den kristne trua. I dåpen blir barnet lagt i Guds hender i tru på Guds kjærleik. Slik er trua ei gåve frå Gud til den døypte.

Det er eit val å la barnet bli døypt. Det er òg eit val å ikkje la barnet bli døypt. Alle vil det beste for barna sine, og foreldra legg grunnlaget for dei vala barna sjølve skal ta i framtida.

Er de usikre på om de skal velje dåp? Prestane våre stiller gjerne til samtale om det er ting de lurar på før de avgjer om de ønskjer å døype barnet.

For å gjere avtale om dåp kan de når som helst gå inn på heimesidene våre: www.frana.kyrkja.no - her kan de sjølve finne kva søndagar det er gudstenester med dåp og melde barnet til dåp. Får de problem, eller heller vil snakke med oss direkte kan de ringe kyrkjekontoret på nr 71 26 66 70. Opningstidene våre er tirsdag 12-15, onsdag og torsdag 10-15. De kan og ta kontakt på e-post: kyrkjekontoret@hustadvikamenighet.no

Til dåpen skal de òg velje fadrar til barnet. Desse får eit særleg ansvar for å vise omsorg for barnet og lære barnet om den kristne trua. Fadrane skal vere over 15 år og vere medlem av Den norske kyrkje eller eit anna kyrkjesamfunn som ikkje forkastar barnedåp. De må ha minst to fadrar.

Før dåpen tek presten som skal ha gudstenesta kontakt for å avtale dåpssamtale. I dåpssamtalen blir de litt kjende, går gjennom det praktiske med dåpshandlinga, snakkar om kva dåp er, og de får informasjon om kva kyrkja tilbyr av trusopplæring til barna.

Helsing kyrkja i Fræna



Kyrkja i Fræna
Bøen 7
6440 Elnesvågen
71 26 66 70

kyrkjekontoret@frana.kommune.no

www.frana.kyrkja.no

